

# Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: SFWTCF

Registrert dato: 17.02.2020 18:52:39

Talet på vedlegg: 1

## Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
- På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om innsendaren

Førenamn

Kristian

Etternamn

Samuelsen

Adresse

Flatøyvegen 62

Postnummer

5918

Poststad

FREKHAUG

Telefon

91351843

E-post

k-samu@online.no

## Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Detaljregulering Manger aust
- Områderegulering Midtmarka-Rotemyra

## Uttale

Merknad til Områderegulering for Midtmarka og Rotemyra-bevaring av natur og kulturmiljø, sjå vedlegg for fullstendig tekst og illustrasjonar.

Viser til Reguleringsføresegner § 5 Føresegner til omsynssoner, og særleg

§5.2.3 Omsynssone H\_570\_3 vern av kulturmiljø og §5.2.4 Omsynssone H570\_4 vern av kulturmiljø.

«Det er tillate å opparbeide kyststi gjennom området, jf. Illustrasjon kyststi på plankart.»

«Naust/notheng skal takast vare på».

Underteikna, Kristian Samuelsen er direkte råka, som eigar av 1/405

Merknad:

Det er positivt at det er oppretta omsynssoner for å verna naust og naust-miljø. For å sikra at nausta blir tekne vare på og blir verande i sitt naturlege miljø må omsynssonene vera tilstrekkeleg store.

For H570\_3 er dette i stor grad ivareteke gjennom at omsynssona omfattar heile området kring Kobbeskjeret, og kyststien er vist i god avstand til nausta.

For naust på Lyngholmen Gnr.1.Bnr.405 (sjå bilete under), er omsynsona avgrensa til sjølve naustet. Det er vidare indikert at kyststien går gjennom naustet. Illustrasjon av kai-anlegg for sjøsport-senter er vist framfor naustet.

Områdegrense for omsynssone for vern av kulturmiljø 570-4. Gnr. 1bnr.405.

1. Omsynssyna må utvidast til å inkludera området rundt og framom notebua. Subsidiært må omsynssona gjelde minimum heile tomtearealet Gnr1.Bnr. 405. Tomtestorleiken er 310 m2. I følgje rettsbok for Meland forliksråd (sak nr. 2005033) skal det og kunnast setjast opp ei ny sjøbu på sida av den bua som står der. I tillegg skal det vera areal til parkering på baksida (nordast) av notebua.

Fakta opplysning og moment for bevaring:

Sjøbua med tomt vart kjøpt 8.06-2012 på den opne marknaden av underteikna.

Bua var då i dårleg forfatning med mellom anna hol i eternittaket og kai-anlegga var rasa ut.

I søknad 07.01 2014 vart det søkt om dispensasjon for oppatt-bygging av kai-anlegg og rehabilitering av notebua.

(Arkiv: Hist Sak-14/40, Gbnr-1/405, Arkivsak ID 14/1108.)

Søknaden vart godkjent ,og eg siterar utdrag frå sakspapira:

«Administrasjonen vil framheve at det er viktig å halde ved like eksisterande byggverk i strandsona, særleg når dei i tillegg er med å ta vare på kulturhistoriske verdiar knytt til bruken av strandsona. Kai-anlegget gir høve til å halde notebua betre ved like.»

I motteke e-post, frå Meland kommune 1.desember 2014 står det m.a.:

«Meland kommune har godkjent opp-start av kulturminneplan 2016-2021, ein plan som vil komme til å innehalde ei prioritering over kulturminna i kommunen. I oppstartsvedtaket er spor og minne etter kystkulturen vår nemnd som ei hovudsatsing og- prioritering.

Kulturavdelinga ser derfor svært positivt på at Samuelsen arbeidar for å ta vare på eitt av minna som representerer dette, som og er eit godt døme på eit omfattande og offensivt fiske i etterkrigstida.

Notebua ligg flott til i Flatøy-osen og er godt synleg for dei mange som brukar osen, marka og friområdet ved Håøya til friluftaktiviteter.»

Det må og nemnast at det er gjeve tilskot til vern og vøling og sikring frå høvesvis : Meland kommune, Hordaland Fylkeskommune og Norsk kulturminneforbund.

## 2. Konflikt med kyststi

Ein eventuell kyststi bør gå nord-øst for 300m grava, som Flatøy Skyttarlag hadde. På denne måten unngår ein konflikt med omssynsone for notebu og vegen vil kunna følgje naturleg skjering i terrenget med minimale inngrep. Sjå bilete.

## 3. Endra regulering

Lyngholmen, som underteikna meiner er rett namn på holmen, (sjå kart i bygdebok , Mellom bakkar og berg, Gard og ett i Meland. Band 2 ,side272 og 273), bør regulerast som grønstruktur (G) eller friområde (GF), med omsynssone kulturvern.

## 4. Sjøsport-anlegg bør flyttast ut av området.

Flatøy 17/2 2020

Kristian Samuelsen, grunneigar 1/405

## Vedlagt dokumentliste

Innspel områdeplan Notebu.pdf